

Standardspråk som demokratisk gode

Oddrun Grønvik

Språkdagen onsdag 11. november 2009

Langsiktig perspektiv

Leggja eit best mogleg grunnlag for at
bokmål og **nynorsk** skal vera
samfunnsberande skriftspråk om hundre år
– som ulike, men nærskylde standardspråk.

(etter *Norsk i hundre!* Språkrådet 2005)

Korleis er standardspråket?

- Standardspråket er i allmenn bruk
- Standardspråket er ikkje bunde i høve til emne eller ideologiar
- Konvensjonane er faste
- Konvensjonane er automatiserte hos brukarane
- Det er rom for eksperimentering utan at det kjennest trugande

Skriftlege standardspråk

- Det skriftlege standardspråket representerer morsmålet i eit språksamfunn
- Det er i allmenn bruk og er allment godteke av brukarane
- Å ha eit normert talemål som byggjer på skriftspråket, er mindre viktig enn å ha eit skriftleg standardspråk

Kvifor?

Skriftstandarden er

verktøyet som gjer det mogleg å drifta eit moderne samfunn gjennom

- skuleverk med morsmålet som opplæringspråk i alle fag
- offentleg administrasjon på morsmålet
- forretnings- og arbeidsliv på morsmålet

Skriftstandarden er også

nøkkelen til informasjonslageret som moderne samfunn byggjer på

- bøker, aviser, film, fjernsyn, Internett ...
- prislappar, brukstilvisingar, plakatar, rundskriv, forskingsrapportar ...

Folk flest skriv mykje meir enn for nokre tiår sidan

Papir og IKT er informasjonslageret vårt, ikkje talen

Funksjon innetter

Standardspråket fungerer som

- arbeidsreiskap
- sosialt lim
- privat uttrykksmiddel
- identitetsmarkør

Det skrivne standardspråket rekk mykje lenger ut og varar i lengre tid enn tale eller talemålsmerkt skrift.

Funksjon utetter

Dokumenterte standardspråk

- gjer språksamfunnet synleg
- utgjer ein del av vernet mot omverda

Samfunn med skrivne standardspråk kan

- krevja kommunikasjon på eige språk i overnasjonal samanheng
- påleggja utlendingar å læra standardspråket for å koma inn i samfunnet
- venta at utomverda bruker standardspråket som inngang til å forstå og studera dei

Eit skrivi standardspråk kan brukast til å operasjonalisera kontakten med andre språksamfunn

Det kan ein ikkje oppnå berre med talespråk og tolking

Standardspråket og språkbrukarane

Moderne standardspråk må vera **godtekne** i sine eigne språksamfunn som standardspråk.

Endringar i standardspråk vil ikkje bli sette gjennom av politikarane på tvers av brukarane.

Ansvar for å oppnå semje om endring og utvikling er lagt til språkbrukarane i større grad enn før.

Demokrati krev innsats nedanfrå ...

Jf. St.m. 35 (2008–2009) *Mål og meining*.

Standardspråk, normering og endring

- Behov for endring kjem opp for alle standardspråk.
- Handsaminga av standardspråka svarar til dei verdiane som det aktuelle språksamfunnet held høgt.
- Dei ideala som gjeld elles i samfunnet, vil også bli aktualiserte for normeringa av standardspråket.
- Handteringa av språket er også eit spørsmål om sjølvhevding andsynes andre språksamfunn.
- Eit språksamfunn vil ikkje handsama standardspråket sitt på ein måte som inneber tap av identitet.
- Ingen språksamfunn går inn for å svekkja sin eigen status.

Nokre døme

Gamle standardspråk som **engelsk og fransk**
- sjå på status og historie og mogleg føremon ved endring.

Argument for endring:

Standardspråket kan ha fjerna seg mykje frå talespråket til førstespråk-brukarane, og er vanskeleg å læra.

Argument mot endring:

- Tekstkorpuset som er tilgjengeleg gjennom den eksisterande standarden, er kjempestort
- Standardspråket er utbreidd som andrespråk
- Det er stor talemålsvariasjon mellom dei som har språket som morsmål

Dersom ein høgare grad av samsvar mellom skrift og tale inneber

- kløyving av morsmålsbrukarar i fleire grupper
 - avskaling av andrespråksbrukarar,
- blir framlegg om endring avviste.

Rettskrivingsendring for tysk

Avgrensa rettskrivingsendringar vedtekne (gjeld frå 1.8.2007)

Uttrykt føremål:

eit sams og meir rasjonelt standardspråk for Tyskland, Austerrike, Lichtenstein og Sveits

å styrkja tysk som framandspråk med å gjera det lettare å læra.

Nytt ”Rat für deutsche Rechtschreibung”.

Vedteki av Kulturministerkonferenz (KMK) for dei tyske delstatane.

ei sak som gjeld språk som politisk objekt

Mål: å styrkja posisjonen til tysk språk over tid.

Standardspråk i Afrika

Gjeld Sør-Afrika, Mosambik, Zimbabwe

Omfattar ordboksarbeid og rettskrivingsarbeid

Mål:

Større språksamfunn, færre skriftspråk, betre marknad for skriftkultur

Metode:

- Å tilpassa (endra) ortografien for eksisterande standardspråk slik at dei blir dekkjande for mindre målføregrupper.
- Visa at små, systematiske justeringar i rettskrivinga kan gje ein brukande skriftleg standard som er rom nok for alle.
- Lokalsamfunna avgjer sjølve om dei vil ta den nye standarden i bruk.
- Å setja opp standardspråka slik det blir nytta i hovudstadene som mal for alle, ville innebera sikker avvising.

Kva skjer i Norden?

Alle nordiske standardspråk har normeringsorgan. Alle normerer tilvekst etter eigen tradisjon og praksis. Alle ønskjer ro om rettskrivinga.

Styrkt direkte samarbeid med styresmaktene i kvart land om språkpolitiske tiltak og spørsmål

Tendens til auka vekt på

- språkrelevant lovgjeving
- å styrkja standardspråk som bruksmål
- å motarbeida domenetap

Andre viktige arbeidsområde:

språkleg dokumentasjon, betre språkverktøy

Norske språklege utopiar - 1

Standardspråket ligg føre og treng ikkje endring, berre innføring,

av di

- det byggjer på det beste språket til dei beste forfattarane
- det er fullt dokumentert og utbygd
- det er heilt einskapleg
- det stør opp om eit overdialektalt standardtalemål som alt finst, og som alle treng
- alle dei store kulturberande institusjonane vil ha dette standardspråket
- andre større språksamfunn har eitt standardspråk som alle må godta, og da bør det vera slik her også

Norske språklege utopiar - 2

ein friviljug skriftleg standard for eit demokratisk språksamfunn

- som alle borgarar har like mykje del i (utan omsyn til alder, utdanning, kjønn, klasse eller etnisitet)
- som dekkjer alle talemålsvariantar i språksamfunnet like godt
- som alle har same høve til å påverka
- som er lett å læra og automatisera for alle
- som er heilt ut systematisk, gjennomtenkt og logisk, slik at det alltid er opplagt korleis målføreord, importord og andre nydaningar skal handterast

Bakkekontakt

Noreg har to standardspråk med

- ulike skrifttradisjonar
- ulike tekstkorpus
- ulik normeringsstatus
- ulike språkbrukarsamfunn

og ein politisk lovnad om at kvart av
standardspråka skal bli normerte på eigne
premissar

Samfunnsramme for normering

- **Eitt** samfunn av språkbrukarar
- **Eitt** skulesystem som lærer frå seg båe standardspråka
- **Ein** offentleg administrasjon som bruker båe standardspråka
- **Eitt** arbeidsliv med rom for båe standardspråka, men ikkje på like vilkår eller i likt omfang

- **Stor personleg fridom** til å velja mellom standardspråka – eller å skriva annleis enn båe – alt etter kva som skal skrivast og for kven
- **Ganske store tekstmengder** på båe standardspråk som har bygd seg opp over tid
- **Støare bruk av standardspråka** enn nokon tenkte seg for 40 – 50 år sidan.

Utviklingsmål for norske standardspråk

- **Same normeringsregime** for både standardspråk
- **Tydelegare rettskrivingsregime**
- **Lik handsaming** av nye importord, namn og terminologi
- **Vørtnad for skilnadene** mellom standardspråka
- **Betre underlagstilfang** for normering og anna utforsking av norsk språk
- Betre og meir funksjonelle **språkverkty** med fritt tilgjenge

Kven bestemmer over standardspråket?

Styresmakter og private normsetjarar kan leggja til rette, oppmuntra og setja rammer for og kvalitetskrav til skriftkulturen

Men ikkje skapa han!

Så kven bestemmer?

- **dei som skriv** (alt frå dikt til dommar og skjema og bruksretteiingar)
- **dei som les** (tal kjøpte eksemplar, tilslag på nettstader)
- **dei som publiserer** tekst til lesing
- og **dei mange som engasjerer seg** i korleis standardspråka skal brukast og sjå ut.

Dei som skriv mykje og godt, og blir lesne av mange, får truleg størst innverknad på andre.

Eit par språkprøver 1860–1920

Eg for meg heve fengjet mine Saar og Skraamor, og der er alt skotne mange Hestar under meg. Den sidste var, daa eg no vardt utjagad fraa Departementet.

(A. O. Vinje: *Skrifter i Samling III*, 135)

Lenmannen med sine Vitne stig inn paa Lofte hjaa Enkja og skal gjera "Execution". Det gjeld dei siste Restane; Gull-Ure ho fekk av Mor si ein Gong; Gull-Ringen ho fekk av Brudgomen sin; Vogga der Borni hennar hev sovi; den gamle Sofaen ..

(Arne Garborg: *Skriftir i samling VII* s. 32. 1922)

Språkprøve 1917

sjølvstende-kunngjeringi ... ber merke av det synet som opplysningsmennene i Europa målbar på dei tider, og segjer m.a. at alle menneske er skapte like og hev fått sine ukrenkjelege rettar, som retten til liv, fridom, framtak.

(Eskeland, Severin: Soga um millomalderen og den nye tidi s. 236. Kristiania, Cappelen, 1926)

Språkprøver 1930-åra

Duun, Olav: Siste leveåre. s. 58. Oslo, Norli, 1933

Det vart ikkje så ho sa noko større med han var inne, anna enn litt vanlig prat om vêre og om laksen, ja og så om krigen. -Men krigen og mannfolka skjønner eg meg ikkje på, sa ho. Noko anna enn litt godprat vart det ikkje millom henne og Ragnhild heller etter det. Lea måtte få sjå over Stavsund ute og inne. Dei gjekk frå loft til bur og småsnakka, og Ragnhild hørtes rolig og fornøgd.

Vesaas, Tarjei: Fars reise. s. 113-114. Oslo, Norli, 1930

Slik uro der var no fyre alt skulde stilne. Dei som sat på dammen sansa det, dei såg oppyver i det myrke, såg ingenting, hørde ikkje heller, på vanleg vis, berre sansa. Dyregodtmannen fekk liv i augo. I den gode tid, fyre angesten tok til sigle på himmelen hans, gjekk han vel einstad burt i dei stille strendene, so langt undan at damfossen var døyvd, for å lye med isen la.

Sveen, Åsmund: Svartjord. s. 136. Oslo, Gyldendal, 1937

-Kast-ut likvaskaren, skreik dei til Tore, raude andlet kopte imot han. Risen var veik som fausk, gjorde kje motstand, sa inkje, Tore støyte han ut gjennom døraholet så han tomla mot troppa. -God kar, god kar, skreik dei til Tore folk ikring, noen vilde skjenke han.

Språkprøver frå etterkrigstida

Så varmt hadde Vitskapsselskapet tala Aasens sak, at sjølve departementet no såg seg forplikta til å ta initiativet til å gje Aasen den årlege hjelp, 300 spd., som trongst til å føra det verket vidare, som selskapet i 9 år hadde bore fram med slik kjærleik. Men V. S. slepte ikkje Aasen før den tidlegare protesjéen vart gjord til likemann, dvs. då dei i 1852 valde han inn som medlem.

(Øverås, Asbjørn: Frå virke og vitskap s. 85-86. Oslo, Aschehoug, 1956)

Måndag låg det føre tilråding om at eg var kvalifisert til eit professorat i nynorsk litteratur og målbruk. Tysdag godkjende fakultetet det som var gjort, og vedtok tilrådinga; det same gjorde kollegiet. Men fyrst 21. oktober tilsette departementet meg, frå 1. november. I bladmeldinga vart det særskilt sagt at utnemninga var gjord etter tilråding frå Universitetet; Devik hadde sytt for det, og han har fortalt at han fekk ein reprimande av den grunn.

(Midttun, Olav / Livsminne. S. 137. Oslo, Samlaget, 1971)

Den 18. juni la president Bush fram ein plan for eit Homeland Security Department. Det er eit stort departement som, for betre å kunne ivareta alle dei nasjonale tryggingssinteressene, skal ta opp i seg mange av funksjonane som i dag er spreidde over mange av dei andre departementa. Denne veka stakk ein liberal republikansk senator kjeppar i hjula for presidentens rett til setje til side dei faglege rettane i det nye departementet.

(Dag og Tid 2002)

Litteratur

Norsk i hundre! Norsk som nasjonalspråk i globaliseringens tidsalder. Et forslag til strategi. Språkrådet 2005.

Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk. Norsk språkråd 30.10.2002.

<http://no2014.uio.no>

(følg peikarar til Nynorskkorpuset)

Nynorsken på nettet

Nynorskordboka

http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek_nynorsk.html

Nynorskkorpuset

<http://no2014.uio.no/tekster/sok/index.html>

<http://folk.uio.no/danielr/webconc.html>